



Møteprotokoll

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 27.09.2022
Tid: kl 13.00 - 15.26

Fremmøtte	Reprenterer	Funksjon	
Asbjørn Gausdal	SP	nestleiar	
Ivar Kåre Mork	Ap	leiar	
Gerd Bang Brevik	LOG	medlem	
Berit Lyngstad	V	medlem	

Forfall	Reprenterer	Varamedlem	Reprenterer
Knut Kleiven	H	Nils Einar Garnes	Frp

Berit Lyngstad deltok på høggtalande telefon, då teams ikkje fungerte.

Møtenotater:

Møtestart 13:07.

Andre som møtte

Vest kontroll:

Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Kjetil Kvammen, juridisk rådgjevar/advokat.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Halldis Moltu, oppdragsansvarleg revisor.

Ulstein kommune:

Verner Larsen, kommunedirektør. I sak PS30

Silje Ekroll Riborg, arkivleiar. I sak PS30.

Sakene blei behandla i oppsett rekkefølge på saklista.

Pause frå kl. 13:55 til 14:05.

Møteslutt 15:26.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 21/22	Godkjenning av innkalling og sakliste	22/2342
PS 22/22	Godkjenning av protokoll	22/2342
PS 23/22	Gjennomgang av møteprotokollar	22/2342
PS 24/22	Referatsaker	22/2342
PS 25/22	Forenkla etterlevingskontroll 2021 med økonomiforvaltninga - Ulstein	22/2339
PS 26/22	Tertialrapport 1.tertial - 2022 UEKF	22/2338
PS 27/22	Tertialrapport 1.tertial - 2022 Ulstein kommune	22/2338
PS 28/22	Vedtaksoppfølging	22/890
PS 29/22	Saker til eventuell seinare behandling	22/2342
PS 30/22	Kommunedirektøren - Orientering om B-saker kommunen	22/1424

Ulsteinvik, 30.09.2022

Ivar Kåre Mork

PS 21/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende utan merknad.

Behandling:

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

PS 22/22 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå møtet 14.06.2022 vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå møtet 14.06.2022 vart samrøystes godkjend.

PS 23/22 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Behandling:

Levekår: Møta Knut har ansvar for vert å ta med til neste møte.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

PS 24/22 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
07/22	FKT - Veileder for handtering av hendvingingar til kontrollutvalet
08/22	Forvaltningsprosjektet Vedlikehald kommunale bygg - kommunestyrevedtak
09/22	Reglement for kontrollutvalet - kommunestyrevedtak

Vedtak:

Referatsakene vert tekne til vitende.

Behandling:

Referatsakene vart samrøystes tekne til vitende.

PS 25/22 Forenkla etterlevingskontroll 2021 med økonomiforvaltninga - Ulstein**Vedtak:****Med redaksjonell endring:**

1. Kontrollutvalet viser til Revisjonsuttale om forenkla kontroll med økonomiforvaltninga 2021 - etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga og tek til vitende at kommunen:
 - a. i det alt vesentlege har kommunen etterlevd føresegnene i ferielova og rutinane knytt til søknad om overført ferie, godkjenning og registrering av uttak
 - b. i det vesentlege har kommunen etterlevd rutinane/retningslinene som er vedtekne vedkomande praktisering av fleksitid/frammøte og overført ferie.

Behandling:**Dagleg leiar si tilråding:**

1. Kontrollutvalet viser til Revisjonsuttale om forenkla kontroll med økonomiforvaltninga 2021 - etterleving av retningslinjer og vedtak for økonomiforvaltninga og tek til vitende at kommunen:
 - a. i det alt vesentlege har kommunen etterlevd føresegnene i ferielova og rutinane knytt til søknad om overført ferie, godkjenning og registrering av uttak
 - b. i det vesentlege har kommunen etterlevd rutinane/retningslinene som er vedtekne vedkomande praktisering av fleksitid/frammøte og overført ferie.
2. Kontrollutvalet registrerer at avdekka forhold har vore kommunisert med kommunedirektøren, og ber om tilbakemelding innan 30.03.2023 om manglane som var avdekka for 2021 fungerer tilfredsstillande frå 2022 av og vil fungere framtida.

PS 26/22 Tertialrapport 1.tertial - 2022 UEKF**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek tertialrapporten og finansrapporten for 1. tertial 2022 til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek tertialrapporten og finansrapporten for 1. tertial 2022 til vitende.

PS 27/22 Tertialrapport 1.tertial - 2022 Ulstein kommune**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek tertialrapport nr. 1 2022 til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek tertialrapport nr. 1 2022 til vitende.

PS 28/22 Vedtaksoppfølging**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

PS 29/22 Saker til eventuell seinare behandling**Behandling:**

Det kom ikkje fram opplysningar som ga høve til vedtak.

PS 30/22 Kommunedirektøren - Orientering om B-saker kommunen**Vedtak:**

Kontrollutvalet ber sekretariatet fortrinnsvis til neste møte utgreie følgjande om:

- Det ligg føre brot på avtalar/regelverk/lover i høve til tilgjengelegheita på B-dokumenta i kommunestyresak 30/22.

- Framgangsmåten til settekommunedirektøren i sak 30/22 var brot på kommunelova ved at kommunalsjefen sitt namn vart offentleggjort og om mynde til å gi skriftleg åtvaring låg til kommunestyret og ikkje til kommunedirektøren direkte.
- Vidare framgangsmåte for å følgje opp kommunestyresak 30/22 pkt. 5
- Det var personar/tilsette som overvar B-saka i kommunestyret og hadde tilgong til B-dokumenter som ikkje etter lov og reglar hadde desse rettane.

Behandling:

Kommunedirektør Verner Larsen og arkivleiar Silje Ekroll Riborg orienterte og svarte på spørsmål. Viser til powerpoint som vert lagt på saka.

Kontrollutvalet drøfta om sekretariatet til førstkomande møte utgreier nokre sakstilhøve knytt til kommunestyret sitt møte den 24.03.2022, sak 30/22. I denne kommunestyresaka vart granskingsrapport retta mot kommunedirektøren og ein etatssjef behandla som B-sak og kontrollutvalet ønskjer ynskjer då at følgjande vert utgreidd:

1. Det er opplyst at informantane vart lova full anonymitet under utarbeidinga av rapporten. Likevel vart utskriftene av intervjuet med den enkelte informanten si forklaring gjort tilgjengeleg for **mange** i forkant av kommunestyremøtet. Utvalet ønskjer også å setje fokus på tilhøvet kring lukkinga av møtet og korleis dette vart gjennomført. Kontrollutvalet ber difor sekretariatet utgreie om det ligg føre brot på avtalar, reglar/lovverk i høve til dei nemnde tilhøva.
2. I brev av 28.04.2022 til administrasjonsutvalet har organisasjonane hevda at kommunestyret, etter tilråding frå settekommunedirektør Reidar Andresen, vedtok å gi skriftleg åtvaring til ein namngitt tilsett. Hovudtillitsvalde og hovudverneombod i Ulstein kommune meiner at dette er brot på kommunelova som legg ansvar og mynde i personalsaker til kommunedirektøren. Kontrollutvalet ber sekretariatet utgreie lovlegheita av framgangsmåten til settekommunedirektør.
3. Kommunestyret sitt vedtak inneheld pålegg om tiltak for vidare kvalitetskontroll av saksbehandlinga i sektoren og ein gjennomgang av andre område i helse- og omsorgssektoren med tanke på eventuell avdekking av tilsvarande manglar. I kommunestyret sitt vedtak, pkt. 5, vert kontrollutvalet beden om å «følgje opp arbeidet som no er pålagt». Utvalet bed sekretariatet kome med framlegg til oppfølging av kommunestyresak 30/22 punkt 5.
4. Møteboka inneheld innleiingsvis opplysningar om kven som møtte i kommunestyremøtet, også frå administrasjonen. Men det er ikkje opplyst kven frå administrasjonen som fekk høve til å vere til stades då møtet vart lukka i høve B-saka. I ei slik sak har kommunestyret etter lova plikt til å avgrense møtedeltakinga til det som er strengt nødvendig utfrå arbeidet med vidare oppfølging og iverksetjing av vedtak i saka. Kontrollutvalet bed sekretariatet vurdere, eventuelt som eiga generell sak, om møteboka oppfyller minstekrava i kommunelova, om den ligg innfor god protokollskikk og/eller om det kan vere aktuelt å be kommunestyret fastsetje, evt. i reglement, om kva for slike opplysningar som skal takast med i møteboka der saker vert behandla i lukka møte.